



Mottatt HV RHF

19 MAI 2005



Stortinget

Adm. dir. Herlof Nilssen  
Helse Vest RHF  
Postboks 303 Forus  
4066 Stavanger

Vår dato: 12. mai 2005  
Vår ref.: Rune Skjælaaen

Deres dato:  
Deres ref.:

KOPI

### Lokalsjukehusstrukturen i Helse Vest RHF

Odda sjukehus er eit somatisk sjukehus i industristaden Odda inst i Sørfjorden, regionssentrum i Indre-Hardanger. Sjukehuset dekker kommunane Odda, Ullensvang, Eidfjord og Jondal, eit område som har 14.000 innbyggjarar. Sjukehuset har tilbod innan kirugi, ortopedi, føde og indremedisin, med godt utbygde poliklinikkar og i tillegg ambulerande poliklinisk spesialisthelseteneste.

Voss sjukehus er lokalsjukehus med akuttfunksjon for Kvam, Granvin, Ulvik, Voss, Vaksdal og Modalen. Voss sjukehus har medisinsk avdeling, kirurgisk avdeling, gynekologisk avdeling og føde-barselavdeling, intensiv/postoperativ avdeling med akutt-medisinsk-kommunikasjons- (AMK)-sentral og somatisk poliklinikk.

Stord sjukehus er eit somatisk sjukehus på øya Stord som har rundt 16.000 innbyggjarar. Sjukehusregionen omfattar kommunane Stord, Bømlo, Fitjar, Tysnes og Kvinnherad med eit samla folketal på 46.000.

Desse tre sjukehusa i Hordaland skaper tryggleik for befolkninga rundt om i heile fylket. Med tilgang til både medisinsk og kirurgisk akuttberedskap veit folk at ein får hjelp i nærleiken av der ein bor når ein treng det. Ein har dessutan fødetilbod som gjer at folk ikkje treng å reise heime frå i god tid før fødselen. Samstundes har ein tilgang på helsemedisinsk fagpersonell som styrkar primærhelsetenestene rundt om i kommunane.

Det har vore eit stort engasjement i lokalbefolkninga rundt mellom anna å tryggja Odda Sjukehus. Vi ser at dette kan ha vore med på å frede lokalsjukehusstrukturen i Helse Fonna inntil vidare og at ein har fått meir openheit i forhold til sakhandsaming i styret. Vi er likevel redd for at Odda og Stord i Helse Fonna og Voss i Helse Bergen er truga på sikt med bakgrunn i den kritiske økonomiske situasjonen helseforetaka er i.

Vi vil be om at Helse Vest RHF tek initiativ til at lokalsjukehusstrukturen og akuttberedskapen i helseregionen no vert freda inntil ein har fått utreda konsekvensane for lokalbefolkninga om føde- og akuttilbod vert nedlagde. Ein slik utredning må ta for seg heile den akuttmedisinske kjeda og sjå på om akuttberedskapen vert svekkja som fylge av nedlegging av akuttilbod ved lokalsjukehus.

På vegne av stortingsrepresentantane frå Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet i Hordaland

  
Ranveig Frøiland      Ågot Valle      Rune J. Skjælaaen  
Ågot Valle      Rune J. Skjælaaen